

# Referat frå styremøtet i Vestnes Sogelag, 9.april 2024

Tid: 09.04.24, kl. 18-19.30  
Stad: Vestnes bibliotek  
Til stades: Marit Gjermundnes, Liv Signy G. Hellen, Ellen Lundgren, Tore Tomren og Morten Øveraas  
Fråverande: Jørn Inge Frostad

## Sakliste:

### 1) Konstituering av nytt styre

Rekneskapsfører John har sagt seg villig til å ha rekneskap-ansvaret fram til sommaren. Då kjem han heim på ferie og kan ha «overførings-møte» med etterfølgjaren. Og kven er det? Jau, det er Liv Signy – som altså tek over rekneskapsjobben etter sommaren.

Elles: Tore held fram som sekretær.

### 2) Gjennomgang av referat frå førre styremøte

Referatet vart godkjent.

### 3) Status for digitalisering av bygdebok-materialet frå lageret på Myra

Hovudprioritet er å sikkerheitskopiere intervjuuskjema, manus og andre primærkjelder. Jørn er vidare godt i gang med å digitalisere dei mange bilde som ligg på lageret. Alle digitale kopiar skal skylagrast.

Når det gjeld vidare lagring av det fysiske materialet er Myra ueigna. Difor lyt me oppmode Vestnes kommune om å nyttiggjere avtalen med Interkommunalt Arkiv, og finne ny lagringsplass.

Som tatt opp på sist styremøte er det også ymse materiale (t.d. protokollar frå ungdomslag) som bør handsamast av Romsdalsmuseet.

### 4) Planlegging av komande aktivitetar

Sogelaget har ei rekkje arrangement på gang:

- Omvising ved militæranlegget Øveråssjøen, i byrjinga av juni. Denne tek styreleiar Morten seg av.
- Foredrag med fylkesarkeolog Kristoffer Dahle. Dette blir sannsynlegvis ein gong på seinsommaren.
- Fotokveld på Gjermundnes ein kveld i oktober, med framsyning av lokale bilde frå 70- til 90-talet.

- Morten har ansvaret for Romsdalsmuseets utstillingar om høvesvis AO Sand og Mali Furunes. Når tida er inne for det ynskjer styret å flytte desse til Vestnes bibliotek.
- Frivilligdagen på Vestnes er enno ikkje er tidfest, men ein ting er klinkande klart: Her må Sogelaget markere seg!

I møtet vart det dessutan eit tankevekkande drøys om følgjande:

- Skal me, slik som Ørskog Historielag, engasjere oss i å vedlikehalde postveg-traséen på Vestnes-sida?
- Og: Skal me oppmode Vestnes kommune til å gjere noko med krigsminna på Øverås og Rekdal – t.d. sette opp relevante informasjonsskilt?

Me tek opp att diskusjonen ved eit seinare høve.

### **5) Promotering og verving av nye medlemmar**

Medlemstalet er raskt fallande, og førre år meldte ingen seg inn i sogelaget. Bør me ta aktive grep for å snu trenden, i så fall korleis?

- Sogelaget lyt bli meir synleg i sosiale media. T.d. må alle som likar sogelagets FB-side få varsel ved nye innlegg.
- Til neste styremøte vil me invitere webansvarleg Williksen for å få innspel til oppdatering av heimesida, og generelt for å få tips om korleis me skal styrke sogelagets posisjon på verdsveven.
- Styret må synleggjere fordelane med medlemskap – og kan hende lyt me ha ein lokkande vervepremie?
- Me må nytte høvet til å promotere medlemskap i Sogelaget på alle arrangementa våre.

### **6) Eventuelt**

- Styreleiar skal søke om kulturmidlar innan fristen 25. april.
- Neste styremøte blir på Vestnes bibliotek, 22. mai, kl. 18.

Nerås, 12.04.24.

Referent: Tore Tomren